



Fjordvarme

Referansebygg Eid Rådhus



Bygget

Eid rådhus er bygd i fleire etappar. Heile bygget har vassboren varme. Før innføring av Fjordvarme, vart el og olje nytta som energikjelder.

Bygget hadde ikkje kjøling og høg inne-temperatur var til tider eit problem. Energibruken var også relativt høg.

Dette er utført

Den gamle elektrokjelen og oljekjelen er fjerna.

Ny oljekjel er montert. Denne kan enkelt konverterast til gassfyring ved å byte brennaren.

Ei ny varmpumpe på 90 kW er montert i det gamle fyrrommet.



Torfinn Myklebust viser stolt fram varmpumpa på 90 kW.

Det er ettermontert kjølar i to ventilasjonsanlegg for bruk av frikjøling knytt til Fjordvarmeanlegget.

Datarommet har fått ny frikjølar mot Fjordvarmeanlegget, den gamle står som reserve.

Når eit anlegg har Fjordvarme, er frikjøling ein svært enkel og billeg måte å framskaffe kjøleeffekt på.

Erfaringar

Bygget har fått kjøling og med dette eit vesentleg betre inneklime.

Innsetting av kjøleradiatorar i ventilasjonslufta har auka trykktapet og dermed redusert mengde tilført luft noko.

Driftskostnadene er kraftig redusert ved innføring av Fjordvarme.



Leiande vaktmeister Geir Jakobsen og avdelingsingeniør Torfinn Myklebust er stolte av at Eid Rådhus no vert oppvarma og kjølt med energi frå fjorden.

Faktarute

Oppvarma areal:	2.650 m ²
Energi før Fjordvarme:	610.000 kWh
Energi etter Fjordvarme:	390.000 kWh
Årleg, simulert innsparing:	220.000 kWh
Kostnadsreduksjon*:	138.000 kr
Investeringskostnad:	1.400.000 kr
Stipulert tilbakebetalingstid:	10 år

*Elpris er sett til kr. 0,80/kWh

Kontaktperson:

Torfinn Myklebust tmy@eid.kommune.no